

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Dykkar ref.: 24/5582
Vår ref.: 2024/936 - 12873/2024

Saksbehandlar:
Gina Beate Holsen

Dato:
13.12.2024

Høyringsinnspel - Endringar i universitets- og høyskoleloven og universitets- og høyskoleforskriften

Helse Vest takkar for høve til å kome med innspel til endringar i universitets- og høyskulelova.

Eigenbetaling for gjentak av tidlegare beståtte eksamen ved statlege universitetet og høgskuler

Helse Vest støttar departementet sitt forslag og meiner at dette kan bidra til færre slike gjentak.

Utlysing av ekstraerverv

Helse Vest støttar departementet sitt forslag og meiner at dette kan føre til betre prosessar i dei tilsettingsprosessar der dette er aktuelt. Smidigare tilsetjingsprosessar vil vere positivt når utdanningsinstitusjonane av strategiske grunnar treng å knytte til seg ein bestemt fagperson til eit ekstraerverv. Lange og omstendelege prosessar kan føre til at dyktige fagfolk trekker seg frå prosessen. Smidige prosessar rundt tilsetjing i ekstraerverv kan også vere eit karrieregrep for tilsette i helseføretaket, og vere positivt mtp. å behalde personell.

Bruk av studentarbeid til plagiatkontroll

Helse Vest ønskjer å påpeike at gode system for plagiatkontroll er særskild viktig for å sikre kunnskap og kompetanse hos kandidatane som tek høgare utdanning. Det vil vere positivt med tydeligare retningslinjer i den enkelte utdanningsinstitusjon.

Bachelor- og masteroppgåver på norsk og samisk

Helse Vest er positive til at det i forskrift blir fastsett at studentar har rett til å levere sjølvstendige arbeid (bachelor- og masteroppgåver) på norsk. Dette vil vere med å styrke norsk som fagspråk.

Helse Vest støttar også at studentar ved Samisk høyskole, Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet og Nord universitet har rett til å levere oppgåver på samisk. Det kan bli ein utfordring for institusjonane å ha sensorar med tilstrekkeleg språkkompetanse, men vi støttar at institusjonane bør leggje til rette for bruk av samisk så langt som mogleg, og eventuelt søkje

etter ressurspersonar i andre fagmiljø (innanfor eller utanfor universitetet og høgskular) som er samiskspråklege, og slik finne hensiktsmessige løysningar for å vareta studentanes rettar.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
administrerende direktør

Hilde Christiansen
direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)